

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Olav Grov  
Arkivsaksnr.: 17/4096

Arkiv: 037

---

## **Eigarskapsmelding 2017**

### **Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret tek Eigarskapsmeldinga for Luster kommune 2017 til orientering.

## **Saksutgreiing:**

### **Prenta vedlegg: Eigarskapsmeldinga 2017**

#### **Uprenta vedlegg:**

#### **Samandrag:**

Luster kommune har hatt eigarskapsmelding sidan 2013. I eigarskapsmeldingane som har komme etterpå, har det vore gjeve oppdatert informasjon og det har vore drøfta prinsipp og strategiar for selskap der Luster kommune har eigarskap eller har vesentlege interesser.

I denne saka vert eigarskapsmeldinga for 2017 lagt fram basert på avlagde årsmeldingar og rekneskap 2016, for dei aktuelle selskapa.

#### **Utval som har vedtaksmynde:** Kommunestyret

#### **Fakta:**

Luster kommune har hatt eigarskapsmelding sidan 2013. I eigarskapsmeldingane som har komme etterpå, har det vore gjeve oppdatert informasjon og det har vore drøfta prinsipp og strategiar for selskap der Luster kommune har eigarskap eller har vesentlege interesser.

Det er tenkt at eigarskapsmeldinga annakvart år vert handsama i kommunestyret og dei andre åra i formannskapet. Eigarskapsmeldinga i 2016 som baserer seg på avlagd årsmelding og rekneskap for 2015 for dei ulike selskapa, vart handsama i formannskapet i august 2016. I 2016 i januar var det og ein temadag for det nye kommunestyret der fleire av dei større selskapa der Luster kommune har interesser var til stades og informerte om sin aktivitet.

Eigarskapsmelding 2017 byggjer på rekneskap/årsmelding for 2016 i dei ulike selskapa og vert endeleg handsama i kommunestyret.

Eigarskapsmeldinga er eit rullerande dokument for vidare arbeid med strategiar både generelt og mot einskilde selskap. Kommunelova har føringar på å sikre god og open offentleg informasjon om forvaltning og kommunen sit engasjement. Eigarskapsmeldinga er *«eit overordna politisk styringsverky for verksemd som er lagt til eit anna rettssubjekt, eige styre eller ein vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ»*

Eigarskapsmeldinga skal gje informasjon til det politiske nivået og sikre eit grunnlag for å kunne gje nødvendige styringssignal til selskapa.

I denne meldinga ligg det generell informasjon om eigarskap. Det er og arbeidd fram generelle strategiar for Luster kommune sitt eigarskap som kan vere relevante for dei fleste/alle selskapa.

Prinsipp og strategiar er utforma i kapitel 2. Desse er uendra frå førre handsaming av eigarskapsmeldinga.

Eigarskapsmelding inneheld vidare ei oppdatering av rekneskapstal, styresamansetjing, styrehonorar og andre relevante større endringar og utviklingsprosjekt sidan førre melding.

Dei strategiske vurderingane i høve selskapa er i liten grad endra frå førre handsaming.

Dersom det oppstår ei drøfting om endring av kommunen sin strategi som eigar i eit einskildselskap, tilrår rådmannen at det vert handsama som eiga sak.

Meldinga omtalar ikkje interkommunalt samarbeid som er organisert etter vertskommunemodellen. Rådmannen syner her til omtale i kommunen sitt budsjett- og årsrapportarbeid.

Eigarskapsmeldinga er grunnlaget for utøving av det kommunale eigarskapet. Det er ein fordel med brei politisk semje om eigarskapspolitikken.

Om ein vidarefører praksis vil eigarskapsmeldinga for 2018 bli handsama i formannskapet.

Dato: 06.10.17

Jarle Skartun  
rådmann

Olav Grov  
Næringssjef

---

Særutskrift skal sendast:  
m/kopi til: